

Svarte elghundar på topp i kvalitet

13.04.2013



Dommar Bjørn Bjerketvedt flankert av dei som hadde dei beste hundane - Frode Aakre og Ann Kristin Øien

Dei svarte elghundane hadde ualminneleg høg kvalitet. Dette var dommar Bjørn Bjerketvedt sin konklusjon etter utstillingen til Hordaland Elghundklubb ved skulen i Uskedalen i dag. Dette har da også vorte landets klart største utstilling for svarhundar i dei siste åra.



Frode Aakre og Trine Nødland med dei beste svarhundane

Utstillingen hadde deltaking av 43 hundar denne gongen og av dei var 39 svarte og 4 grå. Også dette året var det betydeleg deltaking frå Austlandet og dommaren var henta frå Porsgrunn. Han dømmer alle elghundrasar over heile Skandinavia.

Utstillingen vart avvikla under ideelle tilhøve og vart prikkfritt leia av Anita Lie og medhjelparane hennes.

Best av dei grå hundane var hannhunden Tico frå Vinje som har Ann Kristin Øien som eigar og best av dei svarte var hannhunden Ilo av Bjønnsteg som Frode Aakre i Herøysund eig. Beste tispe av dei svarte var Ella fra Zippo til Trine Nødland frå Omvikdalen.

Hordaland Elghundklubb har på få år utvikla dette årlege arrangementet til noko meir enn ei enkel utstilling. Det tek til allereie på fredag med sosialt samvær med servering og ringtrening for interesserte.

Tore Storhaug hadde under utstillingen ei mønstring av avlshundar som vitna om stor innsats i dette arbeidet. I morgon er det bandhundkurs i Tveitedalen - også det ved Storhaug.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tore Storhaug orienterar om avlsarbeidet